



Ål kommune

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.
17/00756-14

Dato
21.08.2018

Melding om vedtak: Revisjon av konsesjonsvilkår for Uste- og Hallingdalsvassdraget

Ål kommunestyre behandla saka i møte 16.08.2018 sak 33/18, og gjorde slikt vedtak:

Vedtak

Ål kommune sluttar seg til innhaldet i høyringsdokumentet og vil framheve fylgjande punkt som viktige:

Tiltak der det er semje mellom Ål kommune og FHR/E-CO:

- Tidlegare oppfylling av Rødungen med overføring av minst 15 millionar m³ vatn frå Ustevatn når tilsiget i Ustevatn stig over 40 m³/s og i situasjonar kor vasstanden i Ustevatn er over kote 978 og tilsigsprosenten i snitt for dei komande 10 døger er minst 150 % over normalen.
- Vidare vurdering av tiltak for å betre tilhøva for fiske i Strandafjorden.
- Arbeidet med miljødesign må prioriterast. Ål kommune legg spesielt vekt på fylgjande tiltak:
 - Tiltak mot attgroing i Tingvollfjorden og i Oppsjø.
 - Bygging av tersklar i utløpet av Langevannsbekken i Rødungen.
 - Oppgradering av tersklane i Hallingdalselva.
 - Tiltak for å betre vilkåra for gyting i tre bekkar i Rødungen.

Tiltak der det ikkje er semje mellom FHR/E-CO og Ål kommune:

- Unngå «nattkøyning» i Strandafjorden i tidsrommet frå midten av juni til fyrste august.
- Halde Strandafjorden over kote 444,4.
- Ål kommune ynskjer høgare konsesjonsavgifter, at dei vert heva til «dagens nivå».
- Ål kommune ønsker nytt nærings- og miljøfond for å bøte på skadar som ikkje er innanfor standardvilkår.

Med helsing

Tone Tveito Eidnes
rådmann

Godkjent og ekspedert utan underskrift

Mottakare:

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), Postboks 5091 Majorstua, 0301 OSLO

Kopi til:

Hol kommune, Ålmannvegen 8, 3576 HOL

Gol kommune, Gamlevegen 4, 3550 GOL

Nes kommune, Rukkedalsvegen 46, 3540 NESBYEN

E-CO Energi AS, Postboks 1050 Sentrum, 0104 OSLO

Nore og Uvdal kommune, Sentrum 16, 3630 RØDBERG